



Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dato: 17.10.2017
Vår ref.: 2017/3558-10
Saksbehandlar: jannor
Dykkar ref.: «REF»

Solheimsdalen kraftverk i Tysnes kommune. Administrative merknader til endringssøknad.

Innleiing

På bakgrunn av synfaring av Solheimsdalen kraftverk 17. august d.å. og innkomne høyringsuttaler har NVE motteke endringssøknad for tiltaket. Søkjer er Solheimsdalen Kraft AS. NVE har sett frist for merknader til 01.11.17.

Søknaden

Tiltakshavar vurderer i søknaden å leggje trykkrøyret på austsida av Brekkeelva i øvre del av røyrtraséen. Løysinga vert i søknaden omtalt som alt. 2, sjå fig. 1 på neste side.

Ved omlegging av trykkrøyret til austsida vil ein unngå å kryssa ei open myrflate vest for elva. Denne er omtalt i konsesjonssøknaden og er registrert som raudlista naturtype. Ved flytting til austsida vert denne myra ikkje påverka av utbygginga.

Flytting til austsida vil medføre at trykkrøyret vert om lag 74 m lenger. Flyttinga vil få marginale verknader for installert effekt og produksjonen. Kostnaden med trykkrøyret er kalkulert til å auka med 0,3 MNOK og spesifikk utbyggingskostnad vil gå opp frå 3,71 til 3,75 kr/kWh. Ved flytting til austsida av elva vil røyrtraséen gå langs eksisterande veg. Vegen er nytta ved utfart til ski- og turområde litt lenger nord. I anleggsfasen vil dette alternativet føre til noko redusert tilgjenge.

Frå søker si side vert det tilrådd at dette alternativet aust for elva vert vald.

Verknad for natur og samfunn

Berre tilhøve som vert endra ved ei omlegging av trykkrøyret til det nye alternativet, vert omtalt. Tiltakshavar vurderer verknadene slik:

Raudlisteartar

Ein raudlista naturtype, «Open myrflate», vert ikkje råka ved val av alt. 2. For alt. 1 er det i konsesjonssøknaden peika på endra fukttilhøve i myra som ein negativ faktor. I tillegg vil sjølve anleggsarbeidet påverke myra midlertidig ved alt. 1.




Fig. 1 Kartet syner det nye alternativet (alt. 2) på austsida av Brekkeelva langsmed skogsvegen til Løkjen og ny veg til inntaket. Raudlista «open myrflate» vil bli spart.

Landskap

Lokalt, i øvre del av rørtraséen, vil ein ved alt. 2 unngå graving på vestsida av elva og elvekryssinga. Spesielt i anleggsfasen vil alt. 1 vere godt synleg i landskapet (ved grøftegraving over den opne myrflata). For alt. 2 går trykkrøyret langs eksisterande veg og langs planlagt ny veg til inntaket. Omfanget av inngrep i urørt terreng vil difor bli redusert ved alt. 2.

Brukinteresser – ferdsel og friluftsliv

Ved alt. 2 er rørgata planlagt langs eksisterande tilkomstveg til det nye skianlegget ved Løkjen over ei strekning på om lag 250 m. Framdrifta for prosjektet kan tilpassast slik at arbeidet med røyrgrøfta ikkje skjer i skisesongen. Vegen vert også nytta noko til turbruk i sommarhalvåret, og under arbeidet med røyrgrøfta vert det i periodar stengt for biltrafikk og noko redusert tilgjenge. Anleggsarbeidet ved denne strekninga vil gå føre seg over ein periode på 4–6 veker.

Fylkesrådmannen si vurdering

I handsaminga si av konsesjonssøknaden gjorde fylkesutvalet (FU) 23.05.17 slikt vedtak (8 mot 7 røyster):

1. *Av omsyn til sårbart høgfjell av stor verdi, opplevingskvaliteten i eit svært viktig regionalt friluftsområde, biologisk mangfold og uvisse knytt til konsekvensar for gyteområde og bestanden av aure og ål, rår Hordaland fylkeskommune frå løyve til Solheimsdalen kraftverk.*
2. *Om NVE gjev løyve til utbygging, stiller Hordaland fylkeskommune krav om slike avbøtande tiltak:*
 - *Det må ikkje lagast unødige skjeringar eller fyllingar i terrenget som vil få skjemmande verknad på kulturmiljøet. Det må vera ein plan for revegtering (tilsåing) i etterkant av byggjeprosessen.*
 - *Opparbeiding av ny veg må utførast skånsamt i terrenget og ikkje koma i konflikt med kulturminne i landskapet. Ny veg bør unngå å koma i konflikt med den gamle bygdevegen. Det bør ikkje gravast ut massar frå kulturmarka, og det bør leggast stadeigen jord i vegskulder.*
3. *Sidan planlagd kraftstasjon vert liggjande i eit heilskapleg kulturmiljø, ber Hordaland fylkeskommune i tilfelle utbygging om at det vert sikra god terrentilpassing og at farge og materialbruk på bygning ikkje verkar skjemmande på kulturmiljøet.*
4. *Hordaland fylkeskommune gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom det i samband med arbeid i marka kjem fram funn, svarte trekolhaldege jordlag eller konstruksjonar som kan vera automatisk freda, må ein straks melda frå til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at fylkeskommunen har fått melding om funn.*

Tilrådinga er gjeldande politisk vedtak. Om det likevel skulle bli utbygging, har fylkesrådmannen nokre kommentarar.

Landskap

Sjølv om også alt. 2 vil gå gjennom landskap som Fylkesdelplan for små vasskraftverk verdset til «sårbart høgfjell» av «stor verdi», vurderer fylkesrådmannen det som mindre negativt for landskapsopplevelingen å leggja trykkrøyret langs eksisterande veg og planlagt veg til inntaket slik tiltakshavar gjer framlegg om. Dermed vil ein også unngå graving i den opne myrflata på vestsida av elva og i elvekryssinga.

Biologisk mangfold

Inngrep i raudlista «Open myrflate» vert i fylkesrådmannen si negative tilråding til FU trekt fram som konfliktfylt. Det er difor positivt at denne naturtypen gjennom alt. 2 ikkje vert råka.

Redusert vassføring med minstevassføring på 45 l/s sommar og 50 l/s sommar kan likevel ha negativ effekt på naturtypane elveløp og fosseberg. Om utbygging vert tilrådd, må det i samsvar med småkraftplanen vurderast oppsetting av eigne reirkasser der trygge reirplassar for fossekall forsvinn.

Med den reduserte vassføringa det er søkt om i Brekkeelva, er det knytt uvisse til negative konsekvensar for aure og ål. Høgare minstevassføring må vurderast slik at viktige gyteområde for lokale bestandar ikkje vert skadelidande.

Friluftsliv

I saksutgreiinga til FU 23.05.17 skriv fylkesrådmannen følgjande:

Tiltaks- og influensområdet er i midtre og øvre delen registrert som «svært viktig» regionalt friluftsområde. På austsida av Brekkeelva går det skogsveg og merka sti opp mot stølsområda i skoggrensa og høgfjellet med m.a. Tynessåta (686 moh.). Opprusting av skogsvegen opp mot inntaket vil vera positivt for tilkomst til nytt skianlegg m. lysløype ved Løkjen noko lenger inne. For det naturbaserte friluftslivet meiner likevel fylkesrådmannen at opplevinga av Brekkeelva som eit vesentleg landskapselement vil bli svekka, særleg sommar og haust når trafikken av fotturistar opp skogsvegen og den merka stien er størst. Den synlege og lydlege opplevinga av fritt rennande vatn og eit inngrepsfritt elveløp utan inntaksdam og nedgrave røyrgate vurderer fylkesrådmannen som viktig.

Sjølv om den reduserte vassføringa det er gjort framlegg om framleis vil svekka opplevinga av Brekkeelva, vil det vera mindre negativt for landskapsopplevinga elles om trykkrøyet følgjer eksisterande og planlagd veg slik alt. 2 legg opp til. Om den eksisterande skogsvegen vert rusta opp, kan det dessutan vera positivt for tilkomsten til skianlegget på Løkjen.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt mynde innan kulturminnevern. Vi har ingen vidare kommentarar til endringssøknad når det gjeld kulturminne.

Oppsummering

Fylkesrådmannen syner til gjeldande politisk vedtak i FU 23.05.17 der det i den negative tilrådinga særleg er lagt vekt på ueheldige konsekvensar for landskap, friluftsliv og biologisk mangfald.

Om det likevel skulle bli utbygging, er det fylkesrådmannen si vurdering at alt. 2 med trykkrøyr langs vegane på austsida av elva vil vera mindre konfliktfylt enn alt. 1.

Fylkesrådmannen syner elles til dei avbøtande tiltaka det er gjort framlegg om i det politiske vedtaket. Av omsyn til biologisk mangfald og fisk må dessutan høgare minstevassføring og oppsetting av reirkasser vurderast.

Sølve Dag Sondbø
klima- og naturressurssjef

Jan Nordø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Anders Strandheim Wahlborg